

# Forskrift av 17.april 2020 om karantene påbod for folk som har vore i Oslo og Viken fylker, utanom Kongsberg kommune

**Heimel:** Fastsatt av kommunestyret i Seljord kommune 15.april 2020 med heimel i smittevernslova frå 5. august 1994 nr. 55 § 4-1 første ledd bokstav c) og d), og i samsvar med rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet frå 29.03.2020 «Veileder til kommunene om lokale karanteneregler eller innreiserestriksjoner i forbindelse med utbruddet av Covid-19».

Denne forskrift avløyser Seljord kommunes forskrift av 15.04.20 - Forskrift om utvida karantene påbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen, Seljord kommune, Vestfold og Telemark

Forskrifta varar i sju-7-dagar frå og med 17.04.20 og til og med 24.04.20.

## § 1 Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å beskytte eit sårbart helsevesen slik at nødvendig helse- og omsorgstenester i Seljord kommune blir oppretthalde. Føremålet er også å stoppe spreiing av Covid-19 og beskytte sårbare grupper. Med tilvising til nasjonale tiltak og til Folkehelseinstituttets råd har kommunen vedtatt denne lokale forskrifta.

## § 2 Forskrifta omfattar fylgjande område

Oslo og Viken fylker, utanom Kongsberg kommune.

## § 3 Utvida karantene påbod i Seljord kommune

Alle reisande som kjem frå Oslo eller Viken fylker (unnateke Kongsberg kommune) skal i (heim)karantene i 14 dagar etter ankomst/tilbakekomst til Seljord kommune . Dette gjeld også arbeidspendlarar som pendlar ut frå kommunen. Husstandsmedlemer er ikkje omfatta av forskrifta. Det er ikkje utreiseforbod om ein er pålagt heimekarantene, men ein ny karanteneperiode vil starte opp ved ny innkomst til kommunen.

## § 4 Isolasjon

For personar som utviklar sjukdom eller symptom i karanteneperioden, gjeld dei føringane som til ei kvar tid kjem frå myndighetene for omgjering av karantene til isolasjon.

## § 5 Reisande

Alle reisande som ikkje har symptom kan reise til planlagt opphaldsstad, men bør under reisa så langt det let seg gjere halde avstand til andre. Alle reisande med symptom skal straks i isolasjon, og kan ikkje bruke offentleg transport.

## § 6 For arbeidstakarar frå Oslo og Viken fylker (unnateke Kongsberg kommune)

- Arbeidstakarar og verksemder frå Oslo og Viken (unnateke Kongsberg kommune) kan utføre arbeid i kommunen om verksemda har ein godkjent smittevernplan.

## **§ 7 Unntak fra karantenekravet i denne lokale forskrifta:**

- Medisinsk nødvendig besøk til helseverksemder er ikke omfatta av karantenereglane. Det gjeld både pasient og sjåfør.
- Besøk til alvorleg sjuke familiemedlemmar og deltaking i gravferd.
- Barn med foreldre som bur på ulik adresse kan reise fritt mellom bustadene.
- Tilsette i barnevernstenesta og bruk av barnevernstenesta.

Nasjonale føringar for karantene og isolasjon ved sjukdom gjeld.

## **§ 8 Klageadgang**

Fylkesmannen avgjer klage over kommunalt eller interkommunalt vedtak såframt ikke noko anna er bestemt i lova.

## **§ 9 Økonomisk ansvar**

Seljord kommune tek ikke på seg økonomisk ansvar som følge av pålagte tiltak.

## **§ 10 Iverksetting og varigheit**

Denne forskriften gjeld fra og med fredagd 17.04.20 og i sju-7 dagar til og med 24.04.20.

## **Øvrig informasjon**

### **Rettsleg grunnlag:**

Hovudregelen er at kommunestyret skal handsame sakar etter smittevernlova § 4-1 Kommuneoverlege kan avgjere sakar etter smittevernlova § 4-1 dersom det er hast. Fornying av forskrift er ikke å ansjå som hast, og då er det Kommunestyret som skal gjøre vedtak.

Formannskapet fekk 15.04.2020 delegert avgjersmynde frå Kommunestyret, med heimel i smittevernlova § 7-1, 6.ledd, til å gjøre vedtak med heimel i smittevernlova §4-1 og vurdere vidareføring av lokal forskrift om krantenepåbod for folk som har vore i Oslo eller Viken fylker (utanom Kongsberg kommune) til formannskapet.

Denne forskriften avløser Forskrift av 15.04.20 – Forskrift om karantenepåbod for folk som har vore i Oslo og Viken fylker, utanom Kongsberg kommune

Grunnleggande krav ved iverksetting av tiltak etter § 4-1 går fram av smittevernlova § 1-5:

*"Smitteverntiltak etter loven skal være basert på en klar medisinskfaglig begrunnelse, være nødvendig av hensyn til smittevernet og fremstå tjenlig etter en helhetsvurdering. Ved iverksettelse av smitteverntiltak skal det legges vekt på frivillig medvirkning fra den eller de tiltaket gjelder.*

*Tvangstiltak kan ikke brukes når det etter sakens art og forholdene ellers vil være et uforholdsmessig inngrep."*

Det blir også vist til Helse- og omsorgsdepartementet sin forskrift 27. mars 2020 nr. 470 om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (Covid-19-forskriften) og forskrift 15. mars 2020 nr. 294 om karantene, isloasjon og forbud mot opphold på fritidseiendommer mv. i anledning utbrudd av Covid-19.

### **Grunngjeving:**

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvensar for mange menneske. Sjukdomen er også erklært som ein pandemi og ei alvorlig hending av tyding for internasjonal folkehelse av WHO.

Helsedirektoratet vedtok 12.03.20 omfattande tiltak for å hindre spreiling av Covid-19 og for å bidra til å halde i hevd naudsynte helse- og omsorgstenester. Her vert det mellom anna sagt:

“Helsedirektoratet ønsker at innanlands transport skal gå mest mulig som normalt, men vi oppfordrar sterkt alle til å unngå fritidsreiser. Vi oppfordrar til å unngå reiser som ikkje er strengt nødvendig (både innanlands og utanlands), unngå offentlig transport viss du kan, unngå andre steder kor du lett kommer nær andre, unngå nærekontakt med andre.”

Covid-19 epidemien har i dag ulikt omfang i Noreg. Folkehelseinstituttet har uttalt at epidemien no har gått over i ei ny fase der ein ikkje har klart å identifisere smittekjeda for alle som vert sjuke. Dette inneber at ikkje alle nye smittetilfelle lenger let seg spore til utlandet.

I vår region er smittepresset framleis lågt, og alle kjente smittetilfelle kan sporast. Vår kommune er kanskje i ein annan fase av pandemien enn andre delar av Noreg. Kommuneoverlegen ser det som avgjerande å redusere smittepresset frå utanfor regionen. Regionen er prega av små lokalsamfunn og lange avstandar, og kritiske samfunnsfunksjonar vil vere ekstra utsatt her ved ein omfattande epidemi. Kommunane generelt og helse- og omsorgstenesta spesielt har avgrensa kapasitet.

Kommuneoverlegen ser denne forskrifta som ei naturleg følgje av Folkehelseinstituttet sine tilrådingar, og Helsedirektoratet sitt nasjonale vedtak.

I den noverande situasjonen er det naudsynt å førebyggje og motverke spreiling av covid-19 og det er avgjerande å få satt i verk tiltak raskt. Tiltaket vert vurdert som naudsynt både for å beskytte sårbare grupper og for å halde i hevd naudsynt kapasitet i helsetenesta.

Forbodet gjeld for området definert i § 2med mindre anna særskilt vert bestemt.

Kommuneoverlegen vurderer at smitteverntiltaket har ei medisinskfagleg grunngjeving, er naudsynt av omsyn til smittevernet og for å halde i hevd tilstrekkeleg smittvernkapasitet i kommunen og i helse- og omsorgstenesta. Slik det ligg an no har Seljord ikkje tilstrekkeleg smittevernustyr på plass. Tiltaket vert difor vurdert som forholdsmessig og tenleg utifrå ei heilsakspurdering. Det er teke inn unntak i samsvar med nasjonal rettleiar for å ivaretaka at reglane er forholdsmessige.

Etter kommuneoverlegen si vurdering vil den samfunnsmessige nytta ved smitteverntiltaket overstige den belastning og ulempe for dei tiltaket gjeld. Frivillig medverknad er vektlagt i vurderinga.